

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Teams
Dato: 15.03.2021
Tidspunkt: 12:00 – 14:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karoline Bjerkeset	Leiar	Gloppen
Marius Dalin	Nestleiar	Sunnfjord
Trude Brosvik	Medlem	Vestland

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Sverre Sæten	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
RS 1/21	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Orienteringssaker styremøte 1/2021		2019/4183
ST 2/21	Naustdal-Gjengedal LVO - Søknad om fornya løyve til saltsteintransport med snøskuter - Gjengedalsmarkja beitelag		2021/3164
ST 3/21	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad å å sette i ny dør i hytte ved Fitjestøylen - Nils Ove Roset		2021/3470
ST 4/21	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Oppføring av naust i Traudalen - Vegard Flatjord Moritsgård		2021/3624
ST 5/21	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Bygging av naust ved Kupevatnet - Grunneigarane i Årdalskupa		2021/3752
ST 6/21	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Kommunikasjonsplan for Naustdal-Gjengedal LVO		2020/16964
ST 7/21	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidlar for 2021		2019/4173
ST 8/21	Eventuelt		

ST 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 15.03.2021

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent utan kommentarar

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	1/21	15.03.2021

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Orienteringssaker styremøte 1/2021

Driftsmidler

Verneområdestyret har fått 90.000 i driftsmidler for 2021.

Det er om lag som vi har budsjettert med og søkt om. Det er og om lag so mykje som vi brukte i fjor. I fjor hadde vi ein del kostnader i samband med kompetanseprogram, som vi ikkje har i år. Vi bør likevel følge med på forbruket av midlar gjennom året.

Korona

Statsforvaltaren har i februar hatt strenge retningslinjer for verksemda grunna smitteutbrot både i Hordaland og i Sogn.

I Nordfjord er situasjonen stabil, og drifta går som normalt.

Vi følgjer likevel føreingane som embetet har, mellom anna skal vi i utgangspunktet ikkje ha eksterne møte.

Dialogmøte om nye nasjonalparkar

Miljødirektoratet hadde 25.februar eit dialogmøte med kommunar og med statsforvaltaren om mogelege nye nasjonalparkar i Vestland. Av dei områda som er til vurdering i denne prosessen, er omgjering av Naustdal-Gjengedal frå landskapsvernområde til nasjonalpark.

Vi er særstidleg i denne prosessen, direktoratet held førebels på med å samle fakta og få innspel frå kommunane.

Forlenga engasjement med Sverre Sæten

Sverre sitt engasjement som vikar for Rune Holen i SNO er forlenga til å gjelde ut 2021. Det er altso Sverre som vert naturoppsyn med ansvar for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen.

Rammeavtale om tenester ute på anbod

Kvart år kjøper Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen tenester frå lokalt næringsliv. Særleg gjeld dette arbeid i samband med tiltak. Forvaltninga har i vinter hatt dette arbeidet ute på anbod, der vi fekk inn fleire relevante tilbod.

Vi kjem til å skrive rammeavtale for 2+1 år med Bygdeservice (primært Gloppen og Bremanger), Gravdal Skog og Hageservice (primært Sunnfjord og Kinn) og Skogkonsult (større skjøtselsoppdrag).

Fjerning av gran i Sunnfjord sin del av Naustdal-Gjengedal.

Sunnfjord kommune oppdagag at dei hadde 100.000 på eit bunde fond som var øyremerka fjerning av gran i verna område. Midlane kom frå Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sine tiltaksmidlar for 2012.

Vi har hatt eit møte der vi har lagt ein plan for bruk av desse midlane i 2021. Det vert i første omgang eit tilbod til grunneigarane rundt Vonavatnet, etter same modell som vi hadde i 2020.

Evaluering av forvaltningsordninga

Nordlandsforskning med fleire har evaluert lokal forvaltninga av verneområde og korleis dette fungerer i praksis. Dei har levert ein omfattande rapport som er lagt ved sakspapira.

Av dei tinga som rapporten peikar på, so bør verneområdestyret merke seg det som gjeld "Administrativt kontaktutval". Det er eit utval samansett av administrativt tilsette i kommunane og fylkeskommunen som er involvert i verneområdet, og som skal sikre informasjonsflyt og samhandling. Det er valfritt å opprette det for styret, og i Naustdal-Gjengedal har vi aldri hatt det. Rapporten peikar på at ikkje alle styre har det som ei utfordring, og går langt i å oppmode alle om å ha administrativt kontaktutval.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 15.03.2021

Vedtak

Styret ønskjer meir informasjon frå Miljødirektoratet om prosessen vidare med eventuell endring av status for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

Styret peika på at det er særst viktig med lokal medverknad og lokal forankring i prosessen.

Styret tok orienteringssakene til vitande.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	2/21	15.03.2021

Naustdal-Gjengedal LVO - Søknad om fornya løyve til saltsteintransport med snøskuter - Gjengedalsmarkja beitelag

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 15.03.2021

Vedtak

Gjengedalsmarkja beitelag får løyve til å køyre ut saltstein med snøskuter på desse tre rutene:

- Gjengedalsstøylen – Styggelivatna
- Gjengedalsstøylen – Botnane/Dyrkjinfjellet
- Gjengedalsstøylen – Fosselledalen

Løyvet gjeld for perioden 1.jan-30.mars i dei åra 2021 til 2024. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b) og gjeld på desse vilkåra:

- Løyvet skal vere med under køyring.
- Det skal ikkje køyrast på søndagar og heilagdagar.
- Det skal nyttast registrert snøskuter i forskriftsmessig stand, og det skal brukast hjelm under køyring.
- Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Det skal gjevast melding til Statens Naturoppsyn v/Rune Holen (tlf 975 95 102) seinast dagen før køyring. SNO kan nekte køyring dersom omsyn til natur og miljø krev det.
- Køyring skal rapporterast til verneområdeforvaltar etter kvar sesong, innan 15.mai.

Innstilling frå forvaltar

Gjengedalsmarkja beitelag får løyve til å køyre ut saltstein med snøskuter på desse tre rutene:

- Gjengedalsstøylen – Styggelivatna
- Gjengedalsstøylen – Botnane/Dyrkjinfjellet
- Gjengedalsstøylen – Fosselledalen

Løyvet gjeld for perioden 1.jan-30.mars i dei åra 2021 til 2024. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b) og gjeld på desse vilkåra:

- Løyvet skal vere med under køyring.
- Det skal ikkje køyrast på søndagar og heilag dagar.
- Det skal nyttast registrert snøskuter i forskriftsmessig stand, og det skal brukast hjelm under køyring.
- Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Det skal gjevast melding til Statens Naturoppsyn v/Rune Holen (tlf 975 95 102) seinast dagen før køyring. SNO kan nekte køyring dersom omsyn til natur og miljø krev det.
- Køyring skal rapporterast til verneområdeforvaltar etter kvar sesong, innan 15.mai.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om fornying av løyve til bruk av snøskuter i Gjengedalsmarkja
- Verneforskrift
- Tidlegare løyve til skuterkøyring til Gjengedalsmarkja beitelag

Søknaden

Gjengedalsmarkja beitelag har sau på beite i Gjengedalen i Gloppen. Dei har tidlegare hatt fleirårige løyve til å transportere ut saltsteinar til faste saltsteinautomatar i fjellet. Det førre løyvet gjekk ut i 2019. I 2020 vart det ikkje tilhøve til å køyre ut saltstein.

Det tidlegare løyvet gjaldt for tre ruter i Gjengedalen:

- Gjengedalsstøylen – Styggelivatna
- Gjengedalsstøylen – Botnane/Dyrkjinfjellet
- Gjengedalsstøylen – Fosselledalen

Dei vil køyre ein tur på kvar av desse rutene.

Gjengedalsmarkja beitelag søker om å få fornya løyve for fem nye år, for perioden 2021 til 2025.

Verneforskrift og regelverk

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 5.1. Men forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til køyring av saltsteinar jamfør § 3 punkt 5.3:

§3 vernereglar

5.3. *Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:*

[...]

b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite

Verneområdestyret har altso heimel til å gje eit slikt løyve som det er snakk om.

I tillegg til ein eventuell dispensasjon til motorferdsel i landskapsvernområdet, må søkjaren sørge for at køyringa er i tråd med lova om motorferdsel i utmark (løyve eller klarering hjå kommunen) og løyve frå grunneigar til å køyre på grunnen.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Utkøyring av saltstein er eit vanleg og akseptert behov innanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det er omtala både i verneforskrift og forvaltningsplan, og verneområdestyret har som forvaltningspraksis å gje løyve til dette føremålet. Føremålet og behovet vart vurdert i samband med det førre løyvet, og det har ikkje kome inn nye moment til dette.

Området innanfor Storevatnet er kalvingsområde for villreinstammen i området. Villrein er sårbar for uro i tida før og under kalving, og dette må takast omsyn til. Forvaltninga har lagt seg på ein praksis der vi normalt ikkje gjev løyve til skuterkøyring i kalvingsområdet etter 31.mars. I tillegg brukar vi å ha vilkår for å unngå å uroe villrein dersom den skulle trekke inn i dette området før 31.mars.

Både beitebrukarar og forvaltninga har ein del års erfaring med desse motorferdselløyva no. Vi har erfart at det langt i frå er alle år kor det er tilhøve til å få gjennomført transportane. Det er krevjande terreng som krev godt skuterføre. Dei er derfor avhengig av ein viss fleksibilitet i løyvet for å kunne nytte gode tilhøve når dei er der. Elles so har både beitebrukarane og forvaltninga gode erfaringar med det løyvet som har vore siste perioden. Beitelaget har fått transportert saltstein når snøtilhøva har gjort det mogeleg. Forvaltninga har ikkje registrert nokon negative verknader på verneverdiar eller naturmiljø, og vi har heller ikkje fått negative reaksjonar på desse løyva til no.

Beitelaget søker om løyve i fem år, i perioden 2021-2025. Forvaltninga har som praksis å gje fleirårige løyve inntil fire år, sidan det er det som er ein styreperiode. Det er derfor mest aktuelt å gje løyve for perioden 2021-2024.

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova (nml) skal alle tiltak som kan påvirke natur og miljø vurderast opp mot nml §§ 8-12. § 8 handlar om kunnskapsgrunnlaget. I denne saka er kunnskapsgrunnlaget basert på erfaringar frå tidlegare løyve, både til Gjengedalsmarkja beitelag og til andre aktørar. Forvaltninga har etter kvart ei viss erfaring i å balansere beitenæringa sine behov opp mot omsynet til villrein. Forvaltninga har vore på fleire synfaringar i området siste åra og er godt kjende.

Den samla belastninga av motorferdsel og anna aktivitet i området vert vurdert til å vere innanfor det akseptable (jamfør nml § 10). Motorferdsla i dette området avgrensar seg til eit fåtalls turar med snøskuter for beitenæringa og for hjelpekorpsa. Dette er aktivitet som er godt regulert og vurdert gjennom regelverk og sakshandsaming. Transportmetoden som det er søkt om, er blant dei mest skånsame metodane jamfør nml § 12.

Nml §§ 9 og 11 er ikkje aktuelle i saka.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	3/21	15.03.2021

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad å å sette i ny dør i hytte ved Fitjestøylen - Nils Ove Roset

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 15.03.2021

Vedtak

Nils Ove Roset får løyve til å bytte ut eit vindauge med ei dør på hytta si ved Fitjestøylen i Langedalen. Tiltaket skal skje i tråd med innsend søknad. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3.a) og gjeld på følgjande vilkår:

- Døra skal ha vindauge med sprosser, og kledning i stil med resten av veggen.
- Tiltakshavar er ansvarleg for å rydde opp etter arbeidet og fjerne alt avfall.
- Når tiltaket er fullført skal tiltakshavar dokumentere det med bilete og sende det til forvaltar.

Innstilling frå forvaltar

Nils Ove Roset får løyve til å bytte ut eit vindauge med ei dør på hytta si ved Fitjestøylen i Langedalen. Tiltaket skal skje i tråd med innsend søknad. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3.a) og gjeld på følgjande vilkår:

- Døra skal ha vindauge med sprosser.
- Tiltakshavar er ansvarleg for å rydde opp etter arbeidet og fjerne alt avfall.
- Når tiltaket er fullført skal tiltakshavar dokumentere det med bilete og sende det til forvaltar.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om fasadeendring på hytte i Langedalen
- Bilete og skisse som syner fasade før og etter
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO

Søknaden

Nils Ove Roset har sendt søknad til Gloppen kommune om å gjere fasadeendring på hytta si som ligg ved Fitjestøylen i Langedalen inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Endringa går ut på å bytte ut eit vindauge i endeveggen mor søraust, med ei dør.

Kommunen har konkludert med at tiltaket ikkje er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Regelverk

Det er forbode å gjere inngrep og endringar i landskapet i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Forbodet inkluderer fasadeendringar på bygningane i verneområdet. Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til ein del inngrep og tiltak, mellom anna ombygging av bygningar. Dette står i verneforskrifta § 3 pkt 1.3 a):

1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

*a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar i tråd med tradisjonell byggjeskikk.
[...]*

Kommunen har allereie vurdert saka opp mot reglane i plan- og bygningslova.

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal i følgje naturmangfaldlova (nml) § 7 vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Hytta til Roset er ei av to hytter som ligg i eit lite hyttefelt sør for Fitjestøylen i Langedalen. Hyttene ligg 250 m frå sjølve støylen og er soleis ikkje ein del av støylsmiljøet. Hytta til Roset er i vanleg «hyttestil» og er ikkje eit typisk sel. Ved den endeveggen der den nye døra skal vere er det ein platting med eit enkelt gjerde rundt. Vindauga har sprosser.



Sjølve tiltaket er relativt lite. Hytta ligg i utgangspunktet ganske skjult og den endeveggen det er snakk om vender vekk frå Fitjestøylen. Den vender og vekk frå stien som går forbi desse hyttene. Det er likevel eit vilkår i forskrifta at endringar skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk. Ei «verandadør» ville ikkje vore i tråd med tradisjonell byggeskikk om det var snakk om eit sel i eit støylsmiljø. Når det er snakk om ei vanleg hytte er det ikkje so enkelt å definere byggeskikken, og derfor å seie kva som er innanfor tradisjonell byggeskikk eller ikkje.

Utsjånaden på hytta er allereie veldig «hytteaktig» med stor og omtrent kvadratisk bygningskropp, tilbygg med svalgong og kraftige takutstikk. I tillegg er her som sagt platting ved denne endeveggen. Byggeskikken vil ikkje bli vesentleg endra om her kjem ei dør i staden for eit vindauge. For heilskapen sin del bør likevel døra ha vindauge med sprosser.

Kunnskapsgrunnlaget, jamfør nml § 8 er tilfredsstillande. Søknaden inneheld bilete og skisse, og forvaltar har tidlegare vore på staden og er derfor brukbart kjend der. Det er ikkje registrert førekomstar på Naturbase eller andre databasar som kan verte påverka av tiltaket.

Det er ikkje venta at tiltaket, og heller ikkje presedensverknad av eit løyve, vil føre til at samla belastning i området aukar, jamfør nml § 10. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for opprydding etter byggearbeid, og står til ansvar dersom tiltaket fører til skade på naturmiljøet jamfør nml § 11.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 12 er ikkje relevante i saka.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	4/21	15.03.2021

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Oppføring av naust i Traudalen - Vegard Flatjord Moritsgård

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 15.03.2021

Vedtak

Vegard Flatjord Moritsgård får løyve til å sette opp naust i naustområdet ved Traudalsvatnet. Naustet skal byggast i tråd med utbyggingsplanen for nausta i Traudalen og vilkåra nedanfor. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3 e).

Vilkår for løyvet:

- Naustet skal plasserast på nausttomt nummer 9 i naustplanen.
- Naustet kan vere inntil 5x6 meter flatemål og ha maks 2,3 m gesimshøgde.
- Taket skal ha saltak med vinkel mellom 30 og 45 grader og det skal ha torvdekke.
- Naustet skal ha liggande kledning med mørk farge.
- Søkjar er ansvarleg for å rydde opp etter byggearbeidet og fjerne alt avfall og bygningsrestar.
- Naustet skal vere ferdig innan utløpet av 2022. Det endelege resultatet skal dokumenterast med bilete som vert sendt til verneområdeforvaltar.
- Søkjar må sjølv ordne byggeløyve frå kommunen.

Innstilling frå forvaltar

Vegard Flatjord Moritsgård får løyve til å sette opp naust i naustområdet ved Traudalsvatnet. Naustet skal byggast i tråd med utbyggingsplanen for nausta i Traudalen og vilkåra nedanfor. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3 e).

Vilkår for løyvet:

- Naustet skal plasserast på nausttomt nummer 9 i naustplanen.
- Naustet kan vere inntil 5x6 meter flatemål og ha maks 2,3 m gesimshøgde.
- Taket skal ha saltak med vinkel mellom 30 og 45 grader og det skal ha torvdekke.
- Naustet skal ha liggande kledning med mørk farge.
- Søkjar er ansvarleg for å rydde opp etter byggearbeidet og fjerne alt avfall og bygningsrestar.
- Naustet skal vere ferdig innan utløpet av 2022. Det endelege resultatet skal dokumenterast med bilete som vert sendt til verneområdeforvaltar.
- Søkjar må sjølv ordne byggeløyve frå kommunen.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om å bygge naust i Traudalen
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Utbyggingsplan for Traudalen naust- og hyttefelt (Jordskifteretten 03.10.01)
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO

Søknaden

Vegard Flatjord Moritsgård søker om å få sette opp naust på nausttomta til gnr/bnr 12/3 ved Traudalsvatnet. Den aktuelle nausttomta er tomt nr 9 i utbyggingsplanen for Traudalen.

Naustet skal byggast i tråd med føringane i utbyggingsplanen. Bygget skal ha yttermål på 5 x 6 meter, gesimshøgde på mellom 2 og 2,3 meter og takvinkel på mellom 30 og 45 grader. Det skal vere takutstikk mot vatnet på 60 cm, og elles på 40. Naustet skal ha to sidehengsla dører i front, ned mot vatnet. Fundament for naustet vert ein ringmur i betong lik dei andre nausta i naustområdet. Bygget skal ha liggande kledning i mørk farge og torvtak. Det er lagt ved gode byggeteikningar til søknaden.

Moritsgård opplyser om at det ikkje skal gjerast inngrep i terrenget i samband med bygginga, men at noko av massa i tomta skal byttast ut med telefrie massar.

Regelverk

Oppføring av nye bygningar er i utgangspunktet forbode i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. I verneforskrifta er det likevel opna for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til oppføring av naust i Traudalen. Dette står i verneforskrifta § 3 punkt 1.3 e):

1.3. *Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

e) *Oppføring av naust ved austenden av Traudalsvatnet i samhøve med vedteken kommunedelplan frå 1998. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.*

Søkjaren er sjølv ansvarleg for byggeløyve frå kommunen, og eventuelt løyve frå grunneigar.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Nye bygningar i eit verneområdet skal vere, og er, strengt regulert. Det er krav både til føremålet bak bygget, til kva bygg som er aktuelle å få bygge og korleis bygg skal utformast. Og, som i arealplanlegging elles, er det betre med heilskaplege planer enn enkeltvise dispensasjonar. I Traudalen vart dette teke tak i allereie før området vart verna. Her vart det laga ein utbyggingsplan i 2001 som er konkret og detaljert på kor nausta skal plasserast og korleis dei skal sjå ut. Planen er stadfesta av Sunnfjord og Ytre Sogn Jordskifterett same året.

I forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO er retningslinjene frå utbyggingsplanen lagt til grunn for forvaltninga:

Retningslinjer for nausta i Traudalen:

- Det kan byggast inntil 16 doble naust på sørsida av vatnet.
- Nausta skal plasserast som teikna på kart i samband med utbyggingsplanen
- Naustbygningane skal ikkje ha større ytre mål enn 5 x 6 m, og gesimshøgda skal ikkje vere høgare enn 2,3 m
- Bygningane skal ha mørk farge, mønetak med takvinkel mellom 30 og 45 grader og elles utforming mest muleg i samsvar med dei andre nausta i austre enden av Traudalsvatnet

Som vi ser er søknaden og planane heilt i tråd med føringane i utbyggingsplanen. Det gjer jobben oversiktleg og enklare for forvaltningsstyresmakta. Gjennom utbyggingsplanen og forvaltningsplanen er naust i Traudalen i seg sjølv ganske strengt regulert, og føringane her er strengare og meir detaljerte enn i dei fleste andre byggesaker i verneområdet. Sidan naustet er heilt i tråd med allereie vedtekne og etablerte føringar, so går eg ikkje nærmare inn på verken føremålet med naustet, plassering eller utforming. Utbyggingsplanen definerer den lokale byggeskikken, og naustet vil derfor vere i tråd med den.

Tomtene til nausta er allereie opparbeida, og om lag halvparten av nausta er bygd. Det vert ikkje noko vesentlege terrengingrep ut over det som allereie er gjort med

tomtearbeidet. Det er planer om å bytte ut noko masse i tomta, men sidan den skal erstattast og det seinare vert dekkja av bygget, so ser vi ikkje på det som eit søknadspliktig inngrep.

Det vil likevel vere på sin plass å sette nokre vilkår om korleis byggearbeidet skal gå føre seg og korleis det skal sjå ut når arbeidet er ferdig. Særleg er det viktig at det vert rydda opp skikkeleg etter at arbeidet er fullført. Alt av avfall og bygningsrestar må fjernast og handterast i tråd med krava for avfallshandtering. Det bør og settast ein frist for kortid byggearbeidet skal vere ferdig, slik at ein ikkje risikerer å ha eit halvgjort byggearbeid ståande til ulempe og sjenanse for andre.

Byggearbeid av denne typen fører alltid med seg behov for transport av material og utstyr. Rygg og Grov sameige har eit fleirårig løyve til bruk av vegen inn til naustområdet, og det løyvet gjeld mellom anna transport av material og utstyr til byggearbeid. Naudsynt motorferdsel i samband med bygginga er derfor tillate gjennom det løyvet.

Kunnskapsgrunnlaget kring bygging i naustområdet er godt og dekkja gjennom fleire prosessar. Krava i nml § 8 er derfor oppfylt. Omsynet til samla belastning i § 10 er og greia ut og regulert gjennom utbyggingsplanen og forvaltningsplanen. Som ein del av vurderinga av nml § 10 må ein og sjå på presedensverknaden av eit vedtak som vert gjort. Sidan nausta er so strengt regulert i utbyggingsplanen, og det er tydeleg avgrensa kor mange naust som kan byggast og korleis det skal skje, so vil ikkje eit løyve skape nokon vanskeleg presedens her.

Nml §§ 9, 11 og 12 er ikkje relevante i saka.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	5/21	15.03.2021

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Bygging av naust ved Kupevatnet - Grunneigarane i Årdalskupa

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 15.03.2021

Vedtak

Grunneigarane i Årdalskupa får løyve til å bygge naust ved Kupevatnet, i samsvar med innsendt søknad. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3.d og gjeld på følgjande vilkår:

- Naustet kan vere inntil 6 meter langt og kan ha ei innvendig breidde inntil 2,5 meter.
- Naustet skal ha veggjar av stadeigen stein, desse kan vere inntil 1,5 m høge.
- Naustet skal ha mønetak med torvdekke.
- Naustet skal plasserast i tråd med kartutsnitt og bilete som er sendt inn saman med søknaden.
- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for eventuelt byggeløyve frå Sunnfjord kommune og for løyve til eventuell motorferdsel.
- Tiltakshavar er ansvarleg for å rydde skikkeleg opp etter at arbeidet er ferdig. Alt avfall skal fraktast ut av verneområdet, og overskotsmaterial og bygningsrestar skal ryddast opp og handterast.
- Arbeidet skal vere ferdig innan utgangen av 2022. Når arbeidet er ferdig skal det dokumenterast med foto og ein kort rapport til verneområdeforvaltar.

Innstilling frå forvaltar

Grunneigarane i Årdalskupa får løyve til å bygge naust ved Kupevatnet, i samsvar med innsendt søknad. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3.d og gjeld på følgjande vilkår:

- Naustet kan vere inntil 6 meter langt og kan ha ei innvendig breidde inntil 2,5 meter.
- Naustet skal ha veggjar av stadeigen stein, desse kan vere inntil 1,5 m høge.
- Naustet skal ha mønetak med torvdekke.
- Naustet skal plasserast i tråd med kartutstnitt og bilete som er sendt inn saman med søknaden.
- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for eventuelt byggeløyve frå Sunnfjord kommune og for løyve til eventuell motorferdsel.
- Tiltakshavar er ansvarleg for å rydde skikkeleg opp etter at arbeidet er ferdig. Alt avfall skal fraktast ut av verneområdet, og overskotsmaterial og bygningsrestar skal ryddast opp og handterast.
- Arbeidet skal vere ferdig innan utgangen av 2022. Når arbeidet er ferdig skal det dokumenterast med foto og ein kort rapport til verneområdeforvaltar.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om å bygge naust ved Kupevatnet
- Skisse av naust
- Kart og bilete som syner plassering av naust
- Signaturliste frå grunneigarane som står bak søknaden
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO

Søknaden

Inge Erikstad har, på vegner av 16 grunneigarar i Årdalskupa, sendt søknad om å få bygge eit naust ved Kupevatnet. Per i dag er det noko fiske i Kupevatnet, enten med stang eller med båt som vert boren opp frå Stegvatnet. Kupevatnet er i dag overbefolka med fisk, og det er ønskje om å fiske ut meir. I tillegg er det ønskje om å ha båt lett tilgjengeleg her i samband med tilsyn og berging av beitedyr i området. Grunneigarane vil derfor ha ein båt liggande fast i Kupevatnet, og bygge eit naust kor denne kan ligge trygt.

Dei søker om å bygge eit naust som skal vere inntil 6 meter langt, og med om lag 2 meter innvending breidde. Veggane skal vere om lag 1,4 m høge og murast opp med stein som ligg i og ved tomta. Sidan murane skal murast med stadeigen stein og tilpassast terrenget og den steinen som dei finn på staden, so er det vanskeleg å gje nøyaktige mål. Det er tenkt å legge eit mønetak med om lag 30 graders helling, og tekke det med torv.

Naustet skal plasserast om lag 50 meter aust for utlaupet av Kupevatnet. Her er det ei lita vik med ei steinrøys som ligg i vasskanten. Her vil det vere ganske god tilgang på stein til å mure opp veggane med.

Regelverk

Å sette opp nye bygningar er i utgangspunktet forbode i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til å sette opp enkelte nye bygg, på visse vilkår. Mellom anna gjeld dette oppføring av naust for grunneigarar som har bruksrett i området. Dette står i verneforskrifta § 3 punkt 1.3.d):

1.3. *Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

[...]

d) *Oppføring av naust for grunneigarar som har bruksrett i området. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggeskikk.*

Søkjjar er sjølv ansvarleg for byggeløyve frå Sunnfjord kommune, dersom det er naudsynt for denne typen bygning.

Jamfør naturmangfaldlova § 7, skal alle vedtak som kan verke inn på naturmangfaldet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Det er forståeleg at grunneigarane ønskjer båt og naust ved Kupevatnet. Det er i utgangspunktet eit lett tilgjengeleg og godt fiskevatn, men her er behov for meir fiske for å halde bestanden nede og kvaliteten på fisken oppe. Det at vatnet ligg so nær hyttene i Årdalskupa gjer og til at det er eit godt eigna vatn for garnfiske. I tillegg kjem den nytten ein tilgjengeleg båt i vatnet vil kunne ha for beitebruk. Skal ein først ha ein båt liggande fast ved eit vatn i fjellet, so er det naudsynt å ha eit naust eller anna ly der ein kan legge inn båten om vinteren og elles når den ikkje er i bruk. Ein båt som ligg opent ute vil fort verte øydelagt. Ein båt som ligg ute vil dessutan vere meir iaugefallande og meir skjemmaende enn ein som er skjult inne i eit pent naust.

Her står samtlege 16 grunneigarar i Årdalskupa bak søknaden og vil bygge eit felles naust. Det er særst positivt at det er eit felles prosjekt og at alle grunneigarane vil få dekkja dette behovet i fellesskap. Det er vesentleg betre å bygge eitt felles naust for alle, enn at kvar enkelt grunneigar eller mindre grupper av grunneigarar alle skal bygge kvar sine naust. Eit naust i fellesskap vil soleis halde den samla belastinga på området nede på minimalt og akseptabelt nivå, jamfør nml § 10. Soleis vil det heller ikkje skape nokon uheldig presedens av å gje løyve til dette, det vil derimot gje eit signal om at forvaltninga er positive til fellestiltak som reduserer behovet for fleire bygg i framtida.

Plasseringa av naustet framstår som fornuftig. Det er naturleg nok ganske nær hyttene, men likevel sopass langt unna stien at det ikkje vert særleg iaugefallande. Det skal og plasserast i nærleiken av nokre store steinar, som delvis vil skjule naustet og som vil ta litt blikkfang frå naustet. Og ikkje minst er det både praktisk og det reduserer inngrep i terrenget når ein plasserer der kor det er god tilgang på stein til muring. Kravet i naturmangfaldlova § 12 om mest mogeleg skånsam plassering er oppfylt.

I forvaltningsplanen for Naustdal-Gjengedal står det retningslinjer for oppføring av nye naust. Dei skal byggast slik at dei er tilpassa landskapet og ikkje vert meir synleg enn naudsynt. I tillegg står det at denne typen naust i utgangspunktet kan vere opp til 15 m² (BYA). Slik som grunneigarane skildrar naustet i søknad og skisse, so vil naustet vere i tråd med desse retningslinjene. Med murar/veggar i stadeigen stein og tak med stadeigen torv so vil naustet gli godt inn i landskapet.

Vi har altso heimel i verneforskrifta til å gje løyve til naust, og det er omtala i forvaltningsplanen. Då bør denne opninga vere reell. Vi har slått fast at det er fornuftige føremål bak søknaden og behovet for naust. Eg vil og seie at utforminga av naustet er i tråd med retningslinjene i regelverket og vil passe godt inn i landskap og med lokal byggeskikk. Kunnskapsgrunnlaget er solid. Forvaltninga kjenner området godt gjennom fleire saker og synfaringar. Nml § 8 er oppfylt.

I byggesaker der det vert gjeve løyve bør man alltid vurdere kva sjølve byggeaktiviteten kan bety for verneområdet og verneverdiane. Byggearbeid fører som oftast med seg behov for transport av material og utstyr. Dersom søkjarane skal nytte seg av motorferdsel i samband med transport må dei hugse å søkje om dette. Byggearbeid vil og føre med seg noko avfall og bygningsrestar. Det er viktig at dette vert rydda opp når byggearbeidet er ferdig. Avfall må transporterast ut og handsamast i tråd med krava for avfallshandtering, og det må ryddast opp rundt byggeplassen.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er ikkje aktuelle i saka.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	6/21	15.03.2021

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Kommunikasjonsplan for Naustdal-Gjengedal LVO

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 15.03.2021

Vedtak

Verneområdestyret kom med fleire innspel og mindre endringar som verneområdeforvaltar noterte seg.

Nytt framlegg vert lagt fram for styret på neste styremøte.

Dokument i saka:

- Rettleiar for besøksstrategi M-415 | 2015 Miljødirektoratet
- Framlegg til kommunikasjonsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Bakgrunn

Styret vedtok i 2020 at vi skulle utarbeide ein kommunikasjonsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Planen skulle vere kortfatta og konkret. På styremøte 4/2020 jobba styret med innhaldet i kommunikasjonsplanen, og gjorde ein del strategiske val og prioriteringar.

Basert på dei vedtaka som er gjort og handsaminga i styremøte 4/2021, har verneområdeforvaltar skrive eit utkast til kommunikasjonsplan.

Framlegget byggjer på mal for kommunikasjonsplan som står i Rettleiar M-415 frå Miljødirektoratet om besøksstrategi.

Handsaming i møte:

Styret må gå gjennom framlegget til kommunikasjonsplan og vurdere om innhaldet er i tråd med intensjonen med planen og det som har vore diskutert tidlegare.

Deretter kan styret:

1. Godkjenne planen slik som utkastet er
2. Vedta mindre endringar og godkjenne planen med dei endringane
3. Gjere vedtak om større endringar og ta kommunikasjonsplanen opp til ny handsaming på neste styremøte

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	7/21	15.03.2021

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidler for 2021

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtok følgjande fordeling av dei tildelte tiltaksmidlane:

Navn	Skildring	Fordelt sum
Skjøtsel Arnestadstøyle	Slått av støyle i tråd med skjøtelsplan	15 000
Utbetre sti ved Botnavatnet	Utbetre og reparere sti og bru ved Botnavatnet	50 000
Skilting	Bytte ut gamle turskilt	10 000
Remerking av stiar	Vedlikehalde merking på dei eksisterande merka rutene	5 000
Skjøtsel Sandsstøyle	Tiltak på og rundt Sandsstøyle i tråd med skjøtelsplan	45 000
Skjøtsel Fitjestøyle	Tiltak på og rundt Fitjestøyle i tråd med skjøtelsplan	45 000
Barnegrava	Sette opp ny kross og informasjon	25 000
Klopplegging langs stien til Byrkjeneset	Halde fram med arbeidet som vi har jobba med i fleire år	135 000
Fjerning av gran	Rydding av gran frå verneområdet. Både større oppdrag og fjerning av små førekomstar	50 000
Rasteområde ved Botnavatnet	Lage til rasteområde ved	50 000
Sti mellom Kandalsstøyle og Ryssdalsstøyle	Rydde, merke, legge ut kloppar	60 000
Stien til Mardalsstøyle		60 000
	Totalt	550 000

Verneområdeforvaltar har mynde til å gjere omfordelingar mellom tiltaka på opp til kr 10.000. Ved større omfordelingar skal forvaltar konferere med styreleiar.

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidler for 2021
- Tildeling av tiltaksmidler frå Miljødirektoratet

Bakgrunn

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre får kvart år ei tildeling med tiltaksmidler frå Miljødirektoratet. Midlane er statlege investeringsmidlar frå post 1420.31 i statsbudsjettet. Kort fortalt skal midlane nyttast til tilrettelegging, skjøtsel og informasjonsarbeid, og i tråd med retningslinjer og føringar frå direktorat og departement.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sette opp ei prioritert bestilling av midlar på siste møtet i 2020. Styret søkte om totalt 1.060.000. Lista vart sendt til Miljødirektoratet som har gått gjennom alle tiltaka og vurdert dei opp mot postføremål og føringar. Det mest vanlege er at direktoratet vurderer kva tiltak som er innanfor og utanfor postføremålet, og at verneområdestyret får ein «pott» med midlar til fordeling blant dei tiltaka som er vurdert som innanfor postføremålet. Det er og vanleg at tildelinga er mindre enn søknaden, og at styret derfor må fordele og prioritere dei midlane dei får.

Tildeling

- Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har fått 550.000 i tiltaksmidler i 2020.
- Tre av tiltaka er vurdert til å vere utanfor postføremålet for 1420.31.

Handsaming i møte

Styret må fordele og eventuelt prioritere dei tildelte midlane for 2021. Midlane kan fordelast mellom dei tiltaka som er søkt om midlar til og som er godkjent av Miljødirektoratet. Vi har fått 550.000, og det totale kostnadsoverslaget på dei tiltaka som er «godkjent» av direktoratet er på 650.000. Vi må derfor «spare inn» 100.000.

I søknaden om tiltaksmidlane vart tiltaka prioritert med unik prioritering. Denne prioriteringa er eit utgangspunkt, men den kan endrast no.

Pri.	Navn	Status	Innvilget beløp	Kommentar
1	Skjøtsel Arnestadstøylen		0	
2	Utbetret sti ved Botnavatnet		0	
3	Skilting		0	
4	Kartlegging av våtmarksområde i Naustdal- Gjengedal	Utenfor postformål	0	vurdert på 1420.21, men nådde ikke opp
5	Remerking av stiar		0	
6	Skjøtsel Sandsstøylen		0	
7	Skjøtsel Fitjestøylen		0	
8	Barnegrava		0	
9	Klopplegging langs stien til Byrkjeneset		0	
10	Fjerning av gran		0	
11	Rasteområde ved Botnavatnet		0	
12	Sti mellom Kandalsstøylen og Ryssdalsstøylen		0	
13	Stien til Mardalsstøylen		0	
14	Prosjektere drifteveg gjennom Ura ved Storevatnet	Utenfor postformål	0	
15	Bokprosjekt	Utenfor postformål	0	vurdert på 1420.21, men nådde ikke opp
	Samlet pott	OK	550000	

Meir detaljert oversikt over tiltaka ligg vedlagt til sakspapira.

ST 8/21 Eventuelt

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 15.03.2021

Ingen saker